

Aktivitets- og utgreiingsplikt på likestillingsområdet 2024

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein rehabiliteringsinstitusjon i spesialisthelsetenesta. På lik linje med helsevesenet elles, er det flest kvinner blant dei tilsette på senteret.

I senteret sitt verdigrunnlag er det lagt vekt på at alle skal møtast med respekt og likeverd. Dette gjeld både pasientar og tilsette og er noko som det også er fokus på ved introduksjon av nytilsette.

Sum årsverk

62,71

Tal tilsette

67 kvinner

20 menn

Midlertidig tilsett (vikarar for tilsette i permisjon)

7 kvinner

Deltidsstilling (antal).

26 kvinner

7 menn

Foreldrepermisjon

7 kvinner

1 mann

RKHR har ein livsfasepolitikk der vi har som mål å legge til rette for individuell arbeidstilpassing opp i mot dei ulike livsfasane den enkelte er i. Arbeidstilpassing kan vere i form av kortare arbeidsdagar, permisjonar enten heiltid eller deltid eventuelt andre tilpassingar som er mogleg å få til. Dialog om dette er mellom den tilsette og leiar.

Ufrivillig deltid

Senteret har ei driftsform som gjer til at det er vanskeleg å kun ha fulltidsstillingar. På fylgjande avdelingar er det behov for deltidstilsette for å dekke inn helgevakter:

Sjukepleie, kjøkken, resepsjon og badeland.

Stillingsprosent for tilsette fordeler seg som følger:

100 % stilling	58% av dei tilsette
----------------	---------------------

Over 50 % stilling	21% av dei tilsette
--------------------	---------------------

Mindre enn 50 % stilling	21% av dei tilsette.
--------------------------	----------------------

Dei fleste som har stillingar som er under 50 % er enten skuleelevar eller tilsette som også har anna arbeidsstad.

Vi har fokus på å auke stillingsprosent for tilsette som ynskjer det og kartlegg dette i årlege medarbeidersamtalar. Senteret følg lovverket om tilsette i deltid som er kvalifisert for fortrinn. Tillitsvalde er med i alle tilsettingsprosessar og har i lag med leiinga fokus på å auke stillingsprosent for tilsette der dette er mogeleg.

Lønnsforskjell

RKHR har eigen tariff gjennom Spekter. Leiing og tillitsvalde ved senteret har hatt godt samarbeid og likelønnsprinsippet står sterkt. Med det har vi ein praksis at tilsette får lik lønn for likt arbeid om ein er mann eller kvinne. Vi har dermed gode retningslinjer for lønnsfastsetting.